

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høyring - forskrift om tilfluktsstader

Utval	Saksnr	Møtedato
Kommunestyret (KOM)	55/26	03.09.2026

Saksbehandler	Journalpost
Elin Sofie Fjeldberg	26/20743

Vedlegg:

Høring av forskrift om tilfluktssteder

Høringsnotat med forslag til forskrift om tilfluktssteder

Kommunedirektøren legg saka fram for kommunestyret med følgjande

Forslag til vedtak:

Nord-Fron kommune gir følgjande høyringsuttale til forslag til forskrift om tilfluktsstader:

1. Nord-Fron kommune støttar hovudretninga i forslaget om å etablere eit meir moderne og risikobasert system for vern av sivilbefolkninga ved krig og væpna konflikt.
2. Kommunen er positiv til at eksisterande bygg og anlegg kan nyttast som dekningsrom der dette er føremålstenleg, og at planlegging av tilfluktsstader blir basert på risiko- og sårbarheitsvurderingar framfor ei generell byggeplikt.
3. Kommunen legg til grunn at ansvarsforhold, kriterium for utpeiking av utsette kommunar og krav til planlegging blir nærare avklarte gjennom forskrift, rettleiarar og oppfølging frå statlege styresmakter.
4. Nord-Fron kommune understrekar at eventuelle nye lovpålagde oppgåver for kommunane må følgjast opp med nødvendig statleg rettleiing, kompetansestøtte og full økonomisk kompensasjon i tråd med prinsippet om rammefinansiering av nye oppgåver.
5. Nord-Fron kommune ber om at det blir lagt vekt på enkle og praktisk gjennomførbare løysingar for kartlegging, planlegging og eventuell utpeiking av dekningsrom, slik at ordninga ikkje medfører unødvendig administrativ belastning for kommunane.
6. Med desse merknadene støttar Nord-Fron kommune forslaget til ny forskrift om tilfluktsstader.

Samandrag

Justis- og beredskapsdepartementet har sendt forslag til ny forskrift om tilfluktsstader på høyring. Forskrifta skal erstatte dagens forskrift om tilfluktsrom og er ein del av regjeringa sitt arbeid med å

styrkje den sivile beredskapen. Forslaget inneber mellom anna at enkelte kommunar skal planleggje for tilfluktsstader, og at eksisterande bygg og anlegg kan peikast ut som dekningsrom. Kommunedirektøren støttar hovudretninga i forslaget, men meiner det er viktig at eventuelle nye oppgåver for kommunane blir tydeleg avklarte og fullfinansierte av staten.

Historikk i saken

Justis- og beredskapsdepartementet sende 19. juni 2026 forslag til forskrift om tilfluktsstader på offentleg høyring. Høyringsfristen er 15. oktober 2026. Forslaget følgjer opp Totalberedskapsmeldinga og regjeringa sitt arbeid med å styrkje motstandskrafta i samfunnet i ei meir krevjande tryggingpolitisk tid.

Fakta

Forslaget inneber ei ny regulering av korleis sivilbefolkninga skal vernast ved krig eller væpna konflikt.

I staden for å byggje vernet utelukkande på tradisjonelle tilfluktsrom, blir det innført eit breiare omgrep – **tilfluktsstader**. Desse blir delte inn i to hovudkategoriar:

- tilfluktsrom med høg vernegrad (CBRN-beskyttelse),
- dekningsrom med enklare vern mot konvensjonelle våpenverknader.

Departementet legg opp til at dekningsrom i mange tilfelle kan etablerast ved å ta i bruk eksisterande parkeringskjellarar, tunnelar og andre robuste konstruksjonar. Målet er å auke kapasiteten raskare og meir kostnadseffektivt enn ved bygging av nye tilfluktsrom.

Kommunar som blir vurderte som særleg utsette, skal få plikt til å utarbeide planar for tilfluktsstader. Vurderinga skal byggje på mellom anna folketettleik, geografisk plassering og førekomst av militær eller kritisk sivil infrastruktur. Desse kommunane skal òg kunne peike ut og eventuelt rekvirere eigna bygg og anlegg som dekningsrom.

Departementet foreslår ikkje å gjeninnføre den tidlegare generelle plikta til å byggje tilfluktsrom ved større nybygg. Eventuelle reglar om byggeplikt vil bli vurderte i eit seinare arbeid og sende på eiga høyring.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at forslaget inneber ei vesentleg modernisering av regelverket for vern av sivilbefolkninga.

Erfaringane frå krigen i Ukraina viser at rask tilgang til enkle beskyttelsesrom kan vere vel så viktig som omfattande utbygging av tradisjonelle tilfluktsrom. Forslaget om å kunne nytte eksisterande parkeringsanlegg, tunnelar og andre robuste bygg framstår difor som ei føremålstenleg og realistisk løysing.

Kommunedirektøren støttar også at planlegging av tilfluktsstader blir knytt til konkrete risikovurderingar framfor ei generell landsdekkjande byggeplikt. Dette legg til rette for at ressursane kan prioriterast der behovet er størst.

Forslaget vil truleg få avgrensa direkte konsekvensar på kort sikt, sidan Nord-Fron neppe vil bli definert som ein utsett kommune. Samstundes peikar forskrifta tydeleg mot ei utvikling der alle

kommunar må planleggje meir konkret for vern av sivilbefolkninga i krig. For Nord-Fron vil den viktigaste konsekvensen difor vere behovet for å integrere tilfluktsstader og dekningsrom som eit eige tema i kommunen sitt framtidige ROS- og beredskapsarbeid.

Kommunedirektøren meiner det er viktig at staten gir tydeleg rettleiing om korleis regelverket skal praktiserast, og at ansvarsforholda mellom kommunane, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Sivilforsvaret er godt avklarte.

Sjølv om det ikkje er avklart kva kommunar som vil bli omfatta av ordninga, legg kommunedirektøren til grunn at eventuelle nye lovpålagde oppgåver for kommunane blir følgde opp med nødvendig statleg finansiering.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at forskriftsforslaget legg til rette for eit meir moderne og risikobasert system for vern av sivilbefolkninga. Samstundes er det viktig at kommunane sitt ansvar blir tydeleg avklart, og at eventuelle nye oppgåver blir følgde opp med rettleiing og statleg finansiering. Kommunedirektøren tilrår derfor at Nord-Fron kommune støttar hovudretninga i forskrifta og gir den høyringsuttalen som går fram av innstillinga.

Kommunedirektøren i Nord-Fron
Elin Sofie Fjeldberg